



MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

Stølskultur og fjellets kulturlandskap

Valdres, 28.-30. august 2023

Nettverkssamling i nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap





Velkommen til den 20. nettverkssamlinga i nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap

Med Valdresmusea som vertskap, inviterer vi til samling med tema stølskultur og fjellets kulturlandskap i Valdres 28.-30. august 2023.

Gjennom ekskursjon, møte med stølsbrukarar, forskarar og fagfolk hjå styresmaktene får vi innblikk i ein rik og levande kultur- og mattradisjon. Vi får sjå korleis stølsdrifta har forma kulturlandskapet i fjellet i gamal tid og i dag, og vi stiller spørsmål ved dagens og framtida utfordringar – for stølsdrifta og fjellets kulturlandskap. Samlinga romar praktisk tilnærming, forelesning og felles arrangement.

Samlinga vil kaste lys over tema frå fire ulike innfallsvinklar:

- Fjellets kulturlandskap og biologisk mangfald
- Folketru, handverk og musikk i ein stølskultur
- Bygningar som kulturlandskapselement
- Formidling, forvaltning, forskning og fornying

Målgruppe for samlinga er bønder, handverkarar, konservatorar og formidlalar i museumssektoren

Vel møtt til Valdres i august!

Vertskap for nettverkssamlinga 2023:



Samarbeidspartar:





Måndag 28. august på Valdres Folkemuseum

12:00 Lunsj i Munkekroen

13:00 Velkommen til Valdres

Helsing og kunstnarleg innslag

13:15 Pecha Kucha – kulturlandskap på seks minutt

Presentasjonar av prosjekt, samarbeid, moglegheiter og utfordringar ved dei einssilde musea. Påmelding til Pecha Kucha til ole.aastad.braten@valdres.museum.no innan 1. august.

14:15 Kaffi og beinstrekk

14:30 Støling og stølskultur i Valdres: historikk og landbruksforvaltning

- Framsyning av historisk film frå museets rikhaldige arkiv
- Bakgrunn og historikk v/ Frode Rolandsgard, bonde, etnolog og forfattar
- Kulturhistoriske landskap (KULA) v/ Cecilie Askhaven, Riksantikvaren
- Framsyning av Norsk seterkultur sin UNESCO-film v/ Knut Ola Storbråten

16:00 Buferd til museumsstølen

- Smaksprøver v/ Kathrin Aslaksby
- Stølskultur og forteljartradisjon v/ Berit Robøle Hegge, tidlegare budeie
- Formidling på museum v/ Knut Ola Storbråten, konservator ved Anno museum

19:00 Middag i Munkekroen



Tysdag 29. august på Stølsvidda

08:30 Avreise i felles buss frå Fagernes til Stølsvidda

09:30 Stølsvidda

Gjennom dagen får vi orientering om ulike landskapstypar med vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger. Vi besøker a) nedlagte stølar, b) stølar med moderne drift og mjølkeproduksjon og c) stølar med tradisjonell drift, mjølkeproduksjon og foredling. Vi får vi òg orientering om:

- Stølsvidda som utvald kulturlandskap (UKL) v/ Anne Marie Mørstad (Vestre Slidre kommune)
- Stølsruta som historisk vandrerute v/ Ina Syversen (Valdres Natur- og Kulturpark)
- Restaurering av historiske landskap v/ Yngve Rekdal (NIBIO)
- Bygningar i stølslandskapet v/ Anne Marit Noraker (Valdresmusea)

Lunsj og omvising på Lisjordstølen 12:30

16:30 Avreise i felles buss frå Stølsvidda til Bygdin via Olestølen

17:30 Besøk på Olestølen

20:00 Middag på Bygdin Høifieldshotel



Onsdag 30. august på Bygdin

09:00 Nettverksmøtet 2023

Vi drøftar ønskje og behov blant deltakarane, framtidige samlingar, og moglege fellesprosjekt. Nettverket drøftar kor vidt ein skal søkje Kulturdirektoratet sine nye programutviklingsmidlar – som blir lansert anten hausten 2023 eller våren 2024.

12:00 Matpakkelunsj på Bygdin Høifieldshotel

13:00 Avreise i felles buss frå Bygdin til Fagernes



Harde fakta

STØLSVIDDA er eit stort, samanhengande stølsområde som har status som kulturhistorisk landskap av nasjonal verdi (KULA), og som av Landbruksdirektoratet er utpeikt som utvalt kulturlandskap (UKL).

Stølsvidda er eitt av dei områda i landet med størst konsentrasjon av stølar i drift. I 2018 var det rundt 50 aktive drivarar i dette området.

Mjølkeproduksjon er framleis dominerande, og drifta baserer seg mykje på utmarksbeite. Dette fører til at store delar av landskapet her er opne vidder. Mosaikken av stølsvollar, beitepåverka utmark og store, opne myrkompleks gjer området viktig for naturmangfaldet, blant anna for ande- og vadefuglar og ei rekke vegetasjonstypar.

Stølane ligg samla i støslag, med bygningsmiljø prega av både eldre og nyare driftsmåtar. Området er òg eit populært turismål, og fleire driv stølsturisme med formidling av drift og produksjon.

BYGDIN ligg om lag midt imellom Jotunheimen nasjonalpark og Langsua nasjonalpark, og er foreslått som ei buffersone som skal knyte dei to nasjonalparkane saman.

Her er fleire aktive stølar som driv med foredling og mjølkeproduksjon – side om side med kommersiell turisme.

Området ligg i eit vakkert naturlandskap med steinalderbusettingar langs Vinstre, dyregraver og vikinggraver.

Påmelding og deltakaravgift

Du melder deg på samlinga via digitalt skjema på denne lenkja:

<https://forms.gle/2rvaXsozhNjX6o567>

Påmeldingsfrist 15. mai. Påmeldinga er bindande.

Deltakavgift er sett til kr 2 500 og dekkjer følgjande:

- deltaking alle programsesjonar
- felles busstransport t/r Fagernes – Stølsvidda - Bygdin
- alle måltid sett opp i programmet, med unntak av middag og matpakkelunsj på Bygdin Høifjeldshotell

Vi tek atterhald om at det kan bli auke i deltakaravgifta dersom det blir færre enn 30 deltakarar. Faktura for deltakaravgifta blir send til fakturaadressa du oppgir i påmeldingsskjemaet.



Overnatting

Du tingar overnattinga di sjølv, og bør gjere samstundes med at du melder deg på. Ledig kapasitet med avtalepris er ikkje garantert etter 15. juni.

Frå måndag 28. til tysdag 29. august:

Scandic Valdres på Fagernes

Booking via www.scandichotels.no – bruk bookingkode BVAL280823

Prisar pr. rom inkludert frukost

- Enkeltrom kr 1 290
- Dobbelrom kr 1 490

Andre overnattingstilbod på Fagernes / i Nord-Aurdal på valdres.no

Frå tysdag 29. august til onsdag 30. august:

Bygdin Høifieldshotell på Bygdin

Booking via denne lenkja: <https://tinyurl.com/3ej4c7f2> (reserverte rom til avtaleprisar)

Pris pr. person frå kr 1 535 inkludert torettars middag tysdag, frukost og matpakkelunsj onsdag.

Merk at det er ulike typar rom – med ulikt tal sengeplassar. Her er det først til mølla som gjeld. Ta kontakt med booking@bygdin.com dersom du får problem med å booke via lenkja.

Reise og transport

Du tingar/organiserer reisa di sjølv. Kollektivtransport til Fagernes med buss frå ulike avreisepunkt: [NOR-WAY Bussekspress](#) | [Vy](#) | [Skyss](#)

Måndag 28. august

- Buss frå Oslo (Valdressekspressen): Oslo – Fagernes 08:30 – 11:32
- Buss frå Bergen (Øst-vestekspressen): Bergen – Fagernes 09:15 – 15:21
- Buss frå Lillehammer (Øst-vestekspressen): Lillehammer – Fagernes 09:15 – 11:33
- Buss frå Gjøvik (Øst-vestekspressen): Gjøvik – Fagernes 10.00–11.33

Onsdag 30. august

- Valdressekspressen: Fagernes – Oslo 15:35 – 18:35
- Øst-vestekspressen: Fagernes – Bergen 11:45 – 17:51
- Øst-vestekspressen: Fagernes – Gjøvik/Lillehammer 15:30 – 17:03/17:50



**MUSEA I SOGN
OG FJORDANE**

Følg oss på:



[museaisognogfjordane/](#)



[museaisognogfjordane/](#)